

Høyringsinstansar, jf. vedlagte liste

Dykkar ref:

Vår ref:

2016/2590 - 19175/2016

Sakshandsamar:

Hilde Rudlang 51 96 38 15

Dato:

24.06.2016

## Høyring: Sluttrapport frå prosjekt for Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Rapport frå prosjektet for Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan, blir med dette sendt på høyring. Rapporten er å finne på nettsida til Helse Fonna ([www.helse-fonna.no/no/OmOss/Sider/Hoyringar.aspx](http://www.helse-fonna.no/no/OmOss/Sider/Hoyringar.aspx)) og til Helse Vest ([Odda og Stord sjukehus 2016](#)).

### Prosjektmandat og -organisering

Prosjektet Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan, blei starta opp i mars 2016. Prosjekteigar er Helse Vest RHF og Helse Fonna HF.

Prosjektet hadde i oppdrag å bygge på omtalen av lokalsjukehusa og deira rolla i Nasjonal helse- og sjukehusplan, og medverke til å utvikle eit framtidretta og trygt tenestetilbod ved Odda og Stord sjukehus

Prosjektet blei organisert med to prosjektgrupper - éi for Stord sjukehus og éi for Odda sjukehus, med felles mandat. Prosjektgruppene har hatt representantar frå kommunar, Helse Fonna HF, Helse Vest RHF, vernetenesta, tillitsvalde og brukarar.

I mai bestemte prosjekteigarane at prosjektet for Odda sjukehus fekk utvida mandat og forlenga prosjektperiode. Prosjektet for Stord sjukehus har levert sluttrapport som planlagt, i juni 2016.

### Sluttrapport frå prosjekt for Stord sjukehus

Den vedlagte sluttrapporten som nå blir sendt på høyring, gjeld derfor primært for Stord sjukehus. Den omhandlar likevel også til ein viss grad Odda sjukehus. Dette heng til dels saman med at prosjekta gikk parallelt med felles mandat, men ikkje minst fordi både Stord og Odda sjukehus er del av eit samla spesialisthelsetenestetilbod i Helse Fonna, saman med Haugesund sjukehus. Det vil likevel bli eigen høyringsrunde på prosjektrapporten om Odda sjukehus.

Prosjektet har vist at det er særdeles viktig å bygge opp ein felles kultur i heile Helse Fonna, med felles fagleg utvikling og felles fagprosedyrar for alle tre sjukehusa. Å få på plass gjensidig samarbeid om ei avklart oppgåvedeling, der det store sjukehuset i

praksis er ei støtte for dei mindre sjukehusa, blir vesentleg framover. Det krev godt samspel mellom medarbeidarar og leing på alle nivå.

Desse forholda blir spegla i dei tilrådde hovudprinsippa for utvikling av Stord sjukehus, slik dei kjem fram i sluttrapporten.

### **Føresetnader for tilrådinga**

Administrerande direktør ved Helse Fonna HF og Helse Vest RHF skal etter høyringsrunden legge saka fram for styra i Helse Fonna HF og Helse Vest RHF til behandling. Det er naturleg å sjå sluttrapporten som ei pakkeløysing, og dette vil ligge til grunn under vår vurdering av rapporten, samt vår vurdering av høyringsuttalane.

Ein føresetnad for den tilrådde vidareføringa av akutfunksjonane ved Stord sjukehus, vil såleis mellom anna vere at tilrådingane om kulturbygging og felles fag- og kvalitetsutvikling i heile Helse Fonna blir følgt opp og kjem på plass.

Kjem ikkje desse forholda på plass, fell føresetnaden for tilrådinga i prosjektet bort, og ein vil måtte sjå på funksjonsdeling og leiingsmodell på nytt.

### **Høyringsspørsmål**

Helse Vest RHF og Helse Fonna HF ber om synspunkt frå høyringsinstansane på innhaldet i sluttrapporten. Vi ber primært om høyringsinnspel knytt til tilrådingpunkta i rapporten, men vil òg lytte til andre innspel.

For kommunane kan det vere aktuelt å vurdere korleis tilrådingane vil verke inn på samhandlinga mellom kommunane og Helse Fonna HF. For kommunane i Sunnhordland vil ei vurdering av verknaden for samarbeidet med Stord sjukehus vere særleg relevant.

### **Vidare prosess**

Sluttrapporten og høyringsinnspela vil bli lagt fram for styret i Helse Fonna HF og deretter for styret i Helse Vest RHF.

### **Høyringsfrist**

Fristen for innspel er 30. september 2016. Høyringsinnspel kan sendast til Helse Fonna, til adressa [hoyring@helse-fonna.no](mailto:hoyring@helse-fonna.no).

Vennleg helsing



Herlof Nilssen  
administrerande direktør Helse Vest RHF



Olav Klausen  
administrerande direktør Helse Fonna HF

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Prosjektgruppedeltakarane i prosjektet for Stord sjukehus

## Høyringsinstansar:

Kommunar i Helse Fonna:

Haugesund, Utsira, Karmøy, Bokn, Tysvær, Suldal, Sauda, Vindafjord, Etne, Ølen, Sveio, Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Odda, Ullensvang, Jondal, Eidfjord.

Helse Stavanger HF

Helse Bergen HF

Helse Førde HF

Hordaland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune

Regionalt brukarutval i Helse Vest

Brukarutval i Helse Fonna

Dei tilsette sine organisasjonar (Akademikerne, LO Stat, SAN, UNIO, YS), ved føretakstillitsvalde og konserntillitsvalde